

UNIVERSITETET I OSLO

DET HUMANISTISKE FAKULTET

Eksamens i

RETKOM1102

Tekst og kommunikasjon

Vår 2012

Tid: Onsdag 30. mai kl. 9-13 (4 timer/timar)

Sted / stad: Sal 4 (+3), Idrettsbygningen

Ingen hjelpeemidler tillatt.

Hjelpeemiddel ikke tillatne.

Oppgavesettet er på 4 sider, forsiden medregnet.

Oppgåvesettet er på 4 sider medrekna framsida.

Sensur: 20. juni 2012

BOKMÅL:

Du skal svare på alle oppgavene.

Oppgave 1: Kunnskapsspørsmål

- a) Hva skiller sakprosa fra skjønnlitteratur?
- b) Hva er ikon, indeks og symbol? Gi ett eksempel på hver.
- c) Gjør greie for kohesjonsmekanismene i denne teksten: "Lise løp etter bussen, men hun rakk den ikke. Derfor kom hun for sent til møtet."

Oppgave 2: Analyseoppgave

Gi en retorisk analyse av teksten "Genetisk bondelotteri" av Anne Viken, publisert på Dagsavisens debattseite på nett 18.05.2012 (vedlegg). Legg særlig vekt på ethos og aptum.

NYNORSK:

Du skal svare på alle oppgåvene.

Oppgåve 1: Kunnskapsspørsmål

- a) Kva skil sakprosa frå skjønnlitteratur?
- b) Kva er ikon, indeks og symbol? Gi eitt døme på kvar.
- c) Gjer greie for kohesjonsmekanismane i denne teksten: "Lise løp etter bussen, men hun rakk den ikke. Derfor kom hun for sent til møtet."

Oppgåve 2: Analyseoppgåve

Gi ein retorisk analyse av teksten "Genetisk bondelotteri" av Anne Viken, publisert på Dagsavisens debattseite på nett 18.05.2012 (vedlegg). Legg særlig vekt på ethos og aptum.

Anne Viken

Genetisk bondelotteri

Publisert 18. mai

Når eg arvar gard, skal den bli feriehus. Takk til elendige bondelønningar, odelslov og dumpingpris på landbrukseigedomar.

Genetisk bondelotteri.

Eit vanleg argument du får høyre, er at om du ikkje vil ha garden, må du selge slik at ein ivrig ung entusiast kan få realisere sin bondedraum på din odelsgard. Stadig kan ein lese i avisom unge, ivrige som ikkje får tak i gardar. Det er ingen gardar til salgs og dei må leite i årevis før dei endeleg får kjøpt eit odelsbruk. Det er eit forferdeleg problem at bondeætta byfolk sit og ruger på gardar ute på landet. Lys i alle hus, er eit slagord. Selg garden din til ein som vil drive den er moralen. Den er i grunn ganske latterleg når ein ser på omstendighetene rundt.

Eg kunne ha hjelpt ein av desse, ein gong i framtida. Kanskje selge dei min odelsgard. Men nei. Det har eg ikkje tenkt å gjøre. For i Norge er det prisregulering på landbrukseigedomar. Dette betyr at du må selge til fastsett dumpingpris.

Og kvifor er det dumpingprisregulering? Fordi du tjenar så lite pengar på å drive gard at om du måtte betale mykje for å kjøpe den, kunne du aldri ha gjort det. Garden skal altså selgast til nokon som ønsker seg eit dyrt hobbyprosjekt. Sirkelen er slutta. Den er patetisk.

Likevel er vi rasande på alle desse fæle folka som sit og ruger på gardar dei ikkje driv, men eg forstår dei godt, desse rugarane. Eg har tenkt å bli ein slik sjølv. Korleis ellers skal eg kunne skaffe meg ein slik stor hage med slik utsikt, eit så stort hus på landet som ligg så fredeleg til? Det er ikkje mogeleg å selge garden og kjøpe seg noko tilsvarende grunna prisreguleringa. Og nei, eg har ingen medfølelse med dei som ikkje får kjøpe seg gard, like lite som dei har medfølelse med at eg ikkje har råd til hytte på Sørlandet.

Eg lurer på kva folk hadde sagt om dei ikkje fekk lov å selge kåkane sine i Bergen for meir enn ein million. Kåkar dei har brukt to millionar på å pusse opp og som har vore i familien sidan 1600-talet.

Sel eg garden, har eg på grunn av prisreguleringa verken råd til kåk i Oslo eller hytte på Sørlandet likevel. Eg driv ikkje sosial bistand til folk som vil ha gard. Eg vil ha feriehus som alle andre. Slik tenker mange, og eg forstår dei godt.

Når den norske stat har vore dum nok til å dele ut ein gard til meg i den augneblinken eg vart unnfanga, får dei leve med konsekvensane. Etterpå snakkar dei om «avfolkningsproblematikk på bygda» og at «folk vil ikkje selge gardane sine» medan ein forsvarer prisregulering og odelsrett. Reknestykket går ikkje opp. Så kjem naboaane viftande med peikefingeren og moralen sin og snakkar om plikta du har til å produsere mat i ei verd som svelt. Men så lenge eg ikkje får betalt for jobben eg gjer som bonde, har eg inga plikt å produsere mat, sjølv om verda svelt aldri så mykje. Då vil eg heller drikke vin og nytte sola på min nedlagde odelsgard. Eg vil også køyre BMW.

Landet gror igjen. Det er forferdeleg, roper Lars Peder Brekk. Vi vil ha billeg mat,

Nye meninger

[http://www.dagsavisen.no/nyemeninger/annevik/\[21.05.2012 13:30:40\]](http://www.dagsavisen.no/nyemeninger/annevik/[21.05.2012 13:30:40])

brøler forbrukarane. Ute på min odelsgard høyrer eg ikkje denne støyen. Her har vi hagefest.

Løysinga er enkelt. Den ligg oppe i dagen på opa mark: Opphev odelslova, slepp prisane fri. Å endre odelslova krev vedtak i Stortinget, å sleppe prisane fri krev sunn fornuft.

Så lenge du ikkje tjener ei krone på å vere bonde, blir eg ikkje bonde. Så lenge ein ikkje får selge garden til det den er verdt, sel eg ikkje. Så lenge ingen betaler meg for å rydde skogen, skal den få vekse i fred. Konklusjonen er rasjonell, i tråd med norske lover og reglar. Å kjøpe gard til dumpingpris er ingen menneskerett. Å selge den til slik ein pris, er inga plikt. Eit tåpeleg reglement har gjort dette til ein rasjonell beslutning for mange odelsungar.

Eg oppfordrar alle odelsbønder til å følge mitt eksempel. Legg ned, drikk vin og hald hagefest midt i bushen. Gå på hjortejakt om det passar seg, fisk i elva. Lat låven gjerne ramle ned. Du har intet ansvar for turistenes utsikt vert ødelagd. Ingen kan klage på det. Du har inga plikt å selge, du har inga plikt å drive eller halde kulturlandskapet ope. Du har hatt genetisk flaks og denne flaksen pliktar du å nytte til din fordel. Så lenge gardar er så lågt takserte at ein ikkje kan kjøpe seg verken hus eller leilighet for

slagssummen, har det inga hensikt å selge det som genetikken har tildelt deg.
Eg har trekt eit flakslokk i eit grunnlovsfesta genetisk lotteri. Takk, norske stat, for
denne fine feriestad. Den norske stat kan på si side takke dei elendige bondeinntektene
for at gardar vert lagt ned. Etterpå kan dei takke odelslova og prisreguleringa for at
desse nedlagde gardane ikkje vert lagt ut for salg.

Høyr Dagsnytt 18-debatten mellom undertekna, Lundteigen og ein Frp-kis
[Vis kommentarer](#)